



Ku-stutet var ei vellukka markering

**Bøndene i Uskedalen og Omvikkalden leia av Olav Hjetland Bringedal og Kjetil Mehl gjennomfører i dag første lokale fase i bondeaksjonen som er landsomfattande.**

**Ku-stunt og blokade av parkeringa rundt**

**rådhuset med traktorar var ein synbar og også hørbar markering.**

**Størst merksemd vekte kua som i 3 timar var plassert ved inngangen supplert med denne bøna:**

**Synnøve kan du mjelka og fora meg, eigaren har ikkje råd lenger**



Statsministeren får gjennomgå

Då ordføreren kom på jobben tok ho stuntet med ein smil, spanderte



litt for på kua og svara slik då uskedalen.no bad om ein kommentar til aksjonen: - Vi får håpa at dei blir hørde!

Kua vart fjerna etter kort tid vesentleg på grunn av det vonde veret medan traktorane vart ståande og skapte betydelege trafikk- og parkeringsproblem.

Også Senterpartiets Elin Legland kom til Rådhuset og ytra seg positivt om aksjonen. Dermed er det grunn til å slå fast at handlemåten til regjeringa i denne saka blir møtt med skepsis også på raudgrønt hald på våre kantar.

Aksjonsleiarane Bringedal og Mehl gjev uttrykk for at deira aksjon er retta mest mot Arbeidarpartiet og at det difor var naturleg å gjennomføra eit stunt mot den lokale ordførar.

Dette vart understreka yttregare med plassering av eit 'egg' med portrett av og harselas om statsministeren utanfor Snikkeriet. Rundt i området var det også plassert kritiske utsegn, til dømes dette spørsmålet: Kven skal produsera maten din?

Nokon direkte kritiske kommentarar om aksjonen fanga vi ikkje opp korkje frå kommunefolk eller andre.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Traktorar blokkerer parkeringsplassane i dag